

Telemark fylkeskommune  
Pb 2844  
3702 Skien

22. mai 2012

## Høyringsuttale til Nasjonal Transportplan 2014 – 2023.

I forslag til Nasjonal Transportplan for 2014 – 23 er det lagt opp til ei tredeling av transportpolitikken, med fokus på reduksjon i avstandskostnader, regional utvikling og regionforstørring gjennom transportkorridorar. Effektive knutepunkt og kollektivtransport, gange og sykkel som vekstområde i byområda gjev eit godt grunnlag for dette. Dette vil legge til rette for spreining av folketalsauken som er beskrive i NTP, robuste bu- og arbeidsmarknader utanom dei store bysentra samt satsing på miljøvenlege og attraktive byområde.

Vest-Telemarkrådet ser at auka løyvingar til vedlikehald er naudsynt for å ta igjen det store etterslepet på riksvegnettet. Det er imidlertid heilt avgjerande også med nyinvesteringer i vegnettet. Dette kan ein ikkje oppnå utan auka rammer. Dersom ein skal imøtekomme dei statlege målsettingane, er det naudsynt med meir enn 45 % auk i ressursane.

Men også fylkesvegane er svært viktige i høve til regional utvikling. Med det store etterslepet som er på det fylkeskommunale vegnettet, ser vi det som avgjerande at det blir oppretta tilskotsordningar for å ta igjen etterslepet og få eit løft også på dette vegnettet.

Ordninga i dag med investeringar innafør veg og bane etter ”kontantprinsippet” er ikkje eigna til å løyse utfordringane med å utvikle eit framtidretta transportsystem. Ulike typer prosjektfinansiering må derfor takast i bruk. Telemark vil vera ein aktiv og positiv partner i eit mogleg prøveprosjekt for å utvikle nye kontraktsformer der drift og utvikling/investering blir sett i samanheng over ein lengre periode.

Aktuelle tiltak for å redusere avstandskostnader for næringsliv og innbyggjarar er å bygge ut dei nasjonale transportkorridorane og effektive knutepunkt for veg, sjø og bane.

Vest-Telemarkrådet stør fylgjande prioritering for Telemark i denne perioden:

### Utbygging av transportkorridor 5

- E134 Gvammen – Århus med oppstart seinast 2013
- Ny E 134 over Haukelifjell. Bygging må starte i 2015 og heile prosjektet må gjennomførast i løpet av transportplanperioden 2014 – 2023.

### Utbygging av transportkorridor 3

Planlegging av Sørvestbanen med Grenlandsbanen  
E18 Rugtvedt – Dørdal  
E18 Langangen – Rugtvedt

Grenland havn som intermodalt knutepunkt er avhengig av at dei nemnde prioriterte utbyggingane i dei 2 transportkorridorane blir gjennomført.

For å ivareta den heilskapen som er nemnt i fyrste punkt er det fleire prosjekt som er viktige både på RV41, på RV36 og på E134.

Rv41 er ein svært viktig samanbindingsveg gjennom 3 fylke og må tilførast midlar for å ta igjen eit betydeleg etterslep i vedlikehaldet. På Rv 36 og E 134 vil det i komande periode bli iverksett 100% bompengeneinnkreving for å finansiere delstrekningar. Oppfylging av prosjekta på strekningen gjennom Kongsberg og over Meheia (Saggrenda – Gvammen) må halde fram i komande periode.

Aktuelt tiltak for regionforstørring er utbygginga av Intercitystrekningane. Det er viktig at Eidangerparsellen vert prioritert i 1. periode, og at den planlagte Intercity-utbygginga dannar grunnlaget for vidare jernbanesatsing. Intercity-nettet må planleggast og byggast som ein integrert del av det framtidige høgfartsnettet. Ein lyntogtrase frå Bergen, Haugesund og Stavanger over Haukeli vil knyte Telemark opp mot dei sterke verdiskapingsmiljøa på Vestlandet og vera eit paradigmeskifte innan samferdsel og samfunnsutvikling.

For Telemark vil også Bratsbergbanen og eksisterande Sørlandsbane ha ein sentral funksjon.

Vi stør også grepet om at kollektivtransport, gange og sykkel må ta trafikkveksten i dei store byområda. Grenland er omtalt i NTP som eit byområde med eit folketal og ein folketalsvekst som krev tiltak for meir miljøvenleg transport. Det er i fleire år arbeidd i *Bystrategi Grenland* med å løyse denne utfordringa, og ein er no i slutfasen i planlegging av ei bypakke i tråd med tilrådingar og krav i NTP.

Auka statlege overføringar til kollektivtransport, tilskotsordning for sykling i by- og tettstadsområde og auka tiltak for gåande som skissert i NTP, er viktige virkemidlar.


Ein forventar å få til eit tett samarbeid med staten gjennom forpliktande avtaler for gjennomføring av bypakke Grenland, og det må løyvast tilstrekkelege midlar for kollektivløysingar ved aktuelle knutepunkt også i distrikta.

Venleg helsing

**Vest-Telemarkrådet**



Torstein Tveito  
Regionordfører



Kjell Gunnar Heggenes  
Regionrådsleiar